

Forskrift om skule- og feriedagar, permisjon frå skulen, skulefritidsordning (SFO), skulereglar og hovudmål ved grunnskulen, Vestre Slidre kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av kommunalsjef for helse og oppvekst i Vestre Slidre kommune 16. juni 2024 med heimel i [lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) § 2-2 fjerde ledd, § 4-5 femte ledd, § 10-7, § 14-1 andre ledd og § 15-2](#) og etter delegert mynde.

Kapittel 1. innleiande reglar

§ 1-1. Innleiande reglar

Denne forskrift gjelder for elever i grunnskulen og skulefritidsordninga (SFO) i Vestre Slidre kommune.

Forskrifta regulerer permisjonar frå skulen, skulefritidsordninga, skoleregler, skolerute og hovudmål for grunnskulen.

Kapittel 2. Til opplæringslova § 14-1 (2) - Skule- og feriedagar i skuleåret 2026-2027

§ 2-1. Føremål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved grunnskulen i Vestre Slidre kommune skuleåret 2026-2027.

§ 2-2. Skule- og feriedagar skuleåret 2026 – 2027

| Dato | Hending |
|---|-----------------------------|
| 17.august | Fyrste skuledag for elevane |
| F.o.m. måndag 5.oktober t.o.m. fredag 9.oktober | Hautferie veke 41 |
| Fredag 27. november | Elevfri |
| Siste skuledag før jul er fredag 18.desember. | Juleferie |

| | |
|---|--|
| Første dag for elevane etter jul er måndag 4.januar | |
| F.o.m. måndag 22.februar t.o.m. fredag 26.februar* | Vinterferie veke 9 |
| F.o.m. måndag 22.mars t.o.m. måndag 29.mars | Påskeferie |
| Torsdag 6.mai | Elevfri, offentlig høgtidsdag (Kristi Himmelfartsdag) |
| Fredag 7.mai | Elevfri |
| Måndag 17.mai | Elevfri, offentlig høgtidsdag (2.pinsedag og grunnlovsdag) |
| Fredag 18.juni | Siste skuledag |

*Merk dykk at vinterferien er i veke 8

Kapittel 3. Til opplæringslova § 2-2 (4) - permisjon for elevar i grunnskulen i Vestre Slidre kommune

§ 3-1. Formål

Desse forskriftene fastset vilkår for permisjon frå grunnskuleopplæringa i Vestre Slidre kommune, i samsvar med [§ 2-2 i opplæringslova](#).

§ 3-2. Definisjonar

Elev: Ein elev som er registrert ved grunnskulen i Vestre Slidre kommune

Permisjon: Fritak frå oppmøteplikt i skulen

§ 3-3. Rett til permisjon

Ein elev har moglegheit til å få permisjon frå grunnskuleopplæringa i inntil 10 dagar per skuleår.

§ 3-4. Vilkår for permisjon

Permisjonen kan innvilgast dersom:

- Eleven får tilstrekkeleg opplæring i permisjonstida.
- Permisjonen ikkje er til hinder for eleven si faglege og sosiale utvikling.
- Permisjonen ikkje er til hinder for gjennomføring av leirskule, viktige prøver eller vurderingar.

§ 3-5. Søknad om permisjon

Søknad om permisjon skal sendast skulen i så god tid som mogleg, og seinast 14 dagar før ynskja permisjon. Søknaden skal sendast via skulen sitt administrasjonssystem Visma Flyt Skole og innehalde:

- Ynskja permisjonsperiode.
- Årsak for permisjon.
- Plan for korleis eleven skal få tilstrekkeleg opplæring i permisjonstida.

§ 3-6. Behandling av søknad om permisjon

Skulen skal fatte vedtak om permisjon innan to veker etter at søknaden er motteke. Vedtaket skal innehalde grunngjevnad dersom søknaden blir avsløge.

§ 3-7. Klage på vedtak om permisjon

Klage på vedtak om permisjon kan sendast til kommunalsjef for helse og oppvekst innan tre veker etter at vedtaket er motteke.

Kapittel 4. Til opplæringslova § 4-5 (5) - Skulefritidsordninga (SFO) i Vestre Slidre kommune,

§ 4-1. Eigarforhold

Vestre Slidre kommune eig skulefritidsordninga (SFO). Denne er knytt til Vestre Slidre skule.

§ 4-2. Formål

SFO er eit omsorgs- og aktivitetstilbod for 1. – 4. klasse, og for barn med særskilde behov i 1. – 7. klasse. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Alle barn skal ha gode utviklingsvilkår.

Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag og innhald skal vere i tråd med [«Forskrift om rammeplan for skulefritidsordningen»](#) og lokal årsplan for SFO. Det vert lagt vekt på å gje barna ansvar, omsorg og respekt.

§ 4-3. Opptaksmyndigheit

Opptaksmyndigheit er rektor Vestre Slidre skule.

§ 4-4. Opptakskriterier

Tilbod om plass blir gitt til barn på småskuletrinnet (1.-4. trinn) og barn på mellomtrinnet (5.-7. trinn) med særskilde behov busett i Vestre Slidre kommune.

Om søkarane må prioriterast, blir følgjande kriterium lagt til grunn:

- a. Alder (yngre barn prioriterast)
- b. Barn frå heimar med sjukdom eller annan sårbarheit
- c. Barn med aleineforeldre

§ 4-5. Årleg hovudopptak

Hovudopptaket gjennomførast med søknadsfrist 1.4. Søknad om inntak skjer via Føresettportalen på Vestre Slidre kommune si heimeside. Det vert gjeve plass for eitt skuleår om gongen. Det kan søkast om opphald morgon og ettermiddag faste vekedagar.

§ 4-6. Søknadar utanom hovudopptaket

Det er mogleg å søke om SFO-plass heile året. Tildeling av ny plass forutsett at det er ledig kapasitet i forhold til eksisterande bemanning.

§ 4-7. Endring eller oppseiing av plass

Endring eller oppseiing av plass må skje via Visma. Endrings-/oppseiingsfristen er ein månad rekna frå den 1. i kvar månad.

Ved manglande betaling eller anna misleghald kan barnet miste plassen sin.

Kommunedirektøren har oppseiingsmynde. I slike saker skal føresette varslast i god tid slik at dei har moglegheit til å rette opp forholda.

§ 4-8. Opningstider og tilbod

SFO følgjer skuleruta. For at det skal oppretthaldast SFO-tilbod må minst 5 barn vere påmeldt.

Det er tilbod om ferie-SFO-haustferie, vinterferie og frå skuleslutt til 1. juli. Det må søkast særskild om ferie-SFO. Søknadsfristen for opphald i feriar vert publisert i Visma. SFO har eigne opningstider i feriane.

SFO er ope kvar skuledag frå kl. 7.30-8.30 og frå skuleslutt til kl. 17.00.

§ 4-9. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset kor mykje ein plass i SFO kostar pr. år. Foreldrebetalinga aukar normalt ved årsskiftet. Betalinga skjer forskottsvis kvar månad og blir fordelt på 11 månader, med fråtrekk for haust- og vinterferie. Betaling for ferietilbod fakturerast i forkant.

Ved opptak av nye barn i skuleåret, reknar ein foreldrebetalinga frå oppstartsdato. Det same gjeld ved endring av plass.

Det er høve til å kjøpe enkelte morgonar/ettermiddagar dersom det er ledig kapasitet.

Det vert gjeve frådrag i foreldrebetalinga for legitimert sjukefråvær i 14 samanhengande dagar eller meir. Søknad om betalingsfri sendast til skulen. Stadfesting frå lege, sjukehus eller liknande må leggest ved.

Det vert ikkje gjeve betalingsfritak for upårekna stenging over kortare tid (til dømes streik, streng kulde, pandemi, vassmangel eller liknande) eller ferie i løpet av skuleåret.

Kommunestyret vedtek betalingsregulativ for dei ulike kategoriane av SFO-plass og gebyr ved for sein henting.

§ 4-10. Moderasjonsordningar

Kommunen innvilgar automatisk syskenmoderasjon for sysken på same folkeregistrerte adresse. Syskenmoderasjonen gjeld på tvers av barnehage og SFO. Det vert gjeve 30% reduksjon for det andre barnet og 50% reduksjon for det tredje og fleire barn. Størst syskenmoderasjon til det yngste barnet. Sysken med gratis opphald i heile eller deler av opphaldstida får ikkje og utløyser ikkje syskenmoderasjon.

Betaling for full plass for barn som har gratis opphald deler av opningstida vert rekna slik:

Ordinær pris for full plass minus ordinær pris for plass tilsvarande tal gratis timar.

Vidare skal foreldrebetaling for SFO vere i samsvar med fyljande føresegner i [Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\)](#), og dei til ei kvar tid gjeldande ordningar for reduksjon i foreldrebetaling.

Skulen avgjer kva dagar og tidspunkt for gratis-SFO gjeld, men skal legge til rette for fleksibilitet gjennom å tilby val for ordninga.

§ 4-11. Klager – Klageinstans

Alle enkeltvedtak, for eksempel avslag på søknad om plass og avslag på søknad om friplass, kan innklagast. Dei føresette kan klage på vedtaket, dette sendast til Vestre Slidre kommune, ved Vestre Slidre skule.

§ 4-12. Bemanning og leining

Rektor er administrativ og fagleg leiar av skulefritidsordninga. Rektor kan delegere myndigheit til ein særskilt leiar for skulefritidsordninga. Gjeldande bemanning på SFO må sjåast i samanheng med sosialfaglege utfordringar i barnegruppa og kva som er forsvarleg. Rektor vurderer dette.

Dei tilsette i SFO skal fortrinnsvis ha utdanning som fagarbeidarar innan barne – og ungdomsarbeidarfaget, eller tilsvarande utdanning

§ 4-13 Leike- og opphaldsareal

Areal for leik og opphald i SFO er ein integrert del av skulen. Rektor vurderer om areal ute og inne er tilpassa den aktiviteten som skal drivast.

§ 4-14. Internkontroll

SFO er i tillegg til gjeldande lover med forskrifter, omfatta av Vestre Slidre kommunes sine rutinar og retningsliner for helse, miljø og sikkerheitsarbeid.

§ 4-15. Teieplikt

Tilsette i SFO fylgjer reglane om teieplikt og opplysningsplikt [jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\) § 13.](#)

§ 4-16 Politiattest

Den som skal tilsetjast fast eller midlertidig i SFO, må innhente og leggje fram politiattest før tiltreding.

§ 4-17 Forsikring

Vestre Slidre kommune har teikna ansvars – og ulykkesforsikring som gjeld den tida barna er i SFO.

Kapittel 5. Til opplæringslova § 10-7 - Skolereglar for grunnskulen i Vestre Slidre kommune

§ 5-1. Formål

Ved skulen vår vil vi ha eit trygt og godt miljø for læring og arbeid, jf. [opplæringslova § 10-7](#).

Eleven, heimen og personalet må samarbeide for å få dette til. Skolereglane skal bidra til å fremme helse, tryggleik og trivsel, danning og læring, respekt og toleranse, samarbeid og medansvar.

§ 5-2. Verkeområde

Jf. [opplæringslova § 1-2](#) omfattar skolereglane omfatter grunnskulen og SFO i Vestre Slidre kommune. Skolereglane inneheld reglar om orden og åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast når elevar bryt reglementet og reglar om framgangsmåte når slike saker skal behandlast.

Ordensreglane gjeld for elevane i skuletida, på SFO, på området til skulen, på skulevegen og på skuleturar. Skulen har ikkje tilsynsplikt når det gjeld skulevegen, men elevane skal følgje skolereglane også på skulevegen og på skulebussen. Åtferd frå elevane som strid med skolereglane, kan føre til konsekvensar.

Skulen pliktar å gjere elevar og føresette kjende med desse skolereglane.

I tillegg til desse kommunale skolereglane har skulen mynde til å utarbeide utfyllande skule-/klassereglar.

Ordensreglementet må sjåast i samanheng med ”Plan for eit trygt og godt skulemiljø ved Vestre Slidre skule”.

§ 5-3. Reglar og konsekvensar ved regelbrot

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for barn, unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis læringsmiljøet er og utviklast. Elevane skal følgje vanlege reglar for samfunnet og vise god, forventa åtferd. Som elev har ein derfor både rettigheter og plikter som skal følgjast.

Du har krav på:

- at alle behandlar deg på ein ordentleg måte.
- at andre visar deg respekt og let dine eigendelar vera i fred.
- du skal vera fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing.
- at du får eit godt lærings- og skulemiljø.
- at lærarar og tilsette grip in og reagerer mot mobbing.

Du har plikt til å:

- behandle andre på ein ordentleg måte.
- vise andre respekt og la deira og skulen sine eigendelar vera i fred.
- ikkje plage, sjikanere eller mobbe nokon fysisk, psykisk eller verbalt.
- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø.

§ 5-4 Reglar for orden og åtferd

Vestre Slidre skule har som mål at alle elevar på skulen skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, trivsel, danning og læring. Det er nulltoleranse for krenkingar av og frå alle som er knytt til verksemda. For å nå målsetjingar må blant anna desse reglane følgjast:

- a. Alle skal rette seg etter det dei tilsette på skulen seier. Det er dei tilsette på skulen som avgjer kva som er tillate.
- b. Ingen skal utsetjast, eller utsetje andre for fysiske, psykiske, verbale, digitale eller andre krenkingar av noko slag.
- c. Alle skal vera høflege og hyggelege, ha fin framferd og språkbruk.
- d. Alle skal vise omsyn og respekt for andre. Brutal, farleg leik som kan få konsekvensar for eigen eller andre sin tryggleik er ikkje tillate (blant anna stein- og snøballkasting).
- e. Ingen skal ha med og eta godteri og/eller brus/energidrikk utan avtale med tilsette ved skulen.
- f. Ingen skal ha med eller bruke tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.
- g. Ingen skal jukse i skulearbeidet, til dømes skal elevarbeid vera eigenprodusert.
- h. Alle skal halde arbeidsro i timane.

- i. Ingen skal ha med gjenstandar som kan skade personar, bygning eller inventar på skulen.
- j. Ingen skal forlate skulen sitt område utan at det er gjeve løyve til det.
- k. Det må vera gjeve løyve frå lærar for å fotografere, filme og ta lydopptak i skuletida.
- l. Elevane i 1.-4. klasse skal ikkje ha med telefon på skulen. I tilfelle berre einskilde dagar og då med melding om det frå føresette.
- m. Om elevane i 5.-10. klasse har med seg mobiltelefon på skulen, skal den leverast inn ved starten av skuledagen og leverast ut att ved skuleslutt. Mobilen skal vera avslått heile tida og berre brukast dersom skulen har tillate det. Same reglar gjeld også for mobilklokke. Vestre Slidre skule er mobilfri.
- n. Alle skal møte presis til timar og avtaler.
- o. Alle skal gjere skulearbeidet til avtalt tid.
- p. Alle skal la utstyr som ikkje høyrer skuledagen til vera att heime. For 1.-4. klasse gjeld dette mellom anna leiker, mobiltelefon.
- q. Alle skal halde orden og ta vare på alt som tilhøyrar skulen, inne og ute, og behandle skulebøker, PC/IPad og anna undervisningsmaterieell fint.
- r. Under større prøver skal alt elektronisk utstyr som kan brukast til kommunikasjon leverast inn, med mindre anna er opplyst.

§ 5-5. Fråvær

Elevane har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Planlagt fråvær skal varslast skulen i skulen sitt meldingssystem i forkant.

Ved sjukdom skal melde fråvær via Visma Flyt Skole innan kl. 08:30. Ved planlagt fråvær i ein dag eller lengre, skal ein nytte skjema for søknad om permisjon som ligg i Visma Flyt Skole.

Ved meir enn 10 dagar fråvær utan legeerklæring pr. halvår, blir skulen sin handlingsplan for urovekkjande fråvær følgt.

Fråvær som ikkje er dokumentert blir vektlagt når ordenskarakteren blir satt. Ved mistanke om ugyldig fråvær, skal eleven sine føresette varslast same dag.

Når det er forsvarleg kan skulen etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil 2 veker.

§ 5.6. IKT

Skulen har eigne IKT-reglar.

§ 5-7. Konsekvensar ved brot på reglar – sanksjonar

Alle konsekvensar ved regelbrot skal vera av ein slik art at elevane forstår kva reglar som er brote og kvifor skulen må reagere på dette. Eleven skal, dersom det er mogleg, få

anledning til å gjera opp for seg. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på skolereglane.

Ved regelbrot kan skulen:

- a. gje munnleg/skriftleg irettesetting
- b. kontakte heimen og involvere dei føresette
- c. gje pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eigedom eller eigendelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande). Eventuelt erstatningsansvar jf. [Lov om skadeerstatning kap. 1](#)
- d. krevje at eleven er til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtaler og/eller for å utføre pålagte oppgåver
- e. beslaglegge utstyr/rusmiddel som ikkje er lov å ha med på skulen. Inndraging av utstyr skjer dersom det blir brukt på ein farleg eller provoserande måte eller det er gjenstandar som ikkje skal vera med på skulen. Beslaglagt utstyr kan tilbakeleverast føresette, ulovlege gjenstandar leverast politiet.
- f. setje ned karakterar i orden og /eller åtferd dersom føresette på førehand er varsla. Fusk eller forsøk på fusk kan få konsekvensar for vurdering i åtferd.
- g. vise bort elev frå klasse/gruppe i enkelttimar, men ikkje meir enn to klokketimar, etter lærar si avgjerd (skulen har som elles ansvar for nødvendig tilsyn med eleven), jf. [opplæringslova § 13-1](#).
- h. vise bort for resten av skuledagen etter rektor si avgjerd. Føresette til elevar på 1.-7. trinn skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen, jf. [opplæringslova § 13-1](#)
- i. ved fleire alvorlege brot på reglementet vise eleven bort frå skulen for lenger tid enn resten av dagen (inntil 3 dagar, gjeld berre 8.-10. klasse), jf. [opplæringslova § 13-1](#).
- j. i heilt spesielle tilfelle kan kommunen vedta eit midlertidig eller permanent skulebytte, jf. [opplæringslova § 13-2](#)
- k. sende ein elev heim frå skuletur, jf. [opplæringslova § 13-1](#)
- l. eventuelle andre sanksjonar

§ 5-8. Skade/hærverk

Ved skade eller hærverk på skulen sine bygningar og/eller eigendelar kan eleven i tillegg bli ilagt sanksjonar etter dette reglementet, og bli erstatningsansvarleg etter [skadeerstatningslova § 1-2](#) for inntil kr. 5.000.

§ 5-9. Straffbare forhold

Dersom det er mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om bistand frå politiet. Eleven sine føresette skal, dersom det er mogleg, varslast munnleg samtidig som ein ber politiet om bistand. Føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er bede om

politiet sin bistand. Dette kan for eksempel dreie seg om nasking, tjuveri, ran, rasisme, vald, valdtekt, utuktig omgang med mindreårige, kroppsskade, narkotika, utpressing, tvang, hærværk/skadeværk, truslar og ta med /bruk av våpen.

Rektor utarbeider grunnlag for politimelding før kommunedirektør ved kommunalsjef for oppvekst og helse formelt melder forholdet til politiet. For mindre alvorlege forhold tek rektor konkret vurdering av om melding til politiet er hensiktsmessig. Uavhengig av melding til politiet, må skulen vurdere saka opp mot skolereglane og foreslå aktuelle hjelpetiltak der det er nødvendig.

Skade på skulen sin eigendom vil kunne bli meldt til politiet. Rektor kan straks melde frå om forholdet til politiet, men formell melding til politiet leverast av kommunen i samsvar til kommunen sitt reglement for delegering. Straffbare forhold mot person skal som hovudregel bli meldt av den som er utsett for forholdet- den som er fornærma.

§ 5-10 Nødrett og nødverje

Verken elevar eller skulen sine medarbeidarar kan bruke fysisk makt. Bestemmingane om nødrett og nødverje i [straffeloven §§ 17](#) og [18](#) gir til en viss grad skulen sitt personale moglegheit til å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skadar seg sjølv eller andre, eller skader eigendom. Når det i heilt spesielle akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, eller eigendom, vil det være nødvendig å stoppe eleven fysisk, evt. skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i eit eige rom for ei kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak blir satt i verk, skal ein straks melde det som avvik i «Kvalitetslosen» og informere føresette. Nødrett/nødverje kan f.eks. være å stoppe slåsskamp eller beskytte seg sjølv eller andre mot truande og valdelege elevar. Medarbeidarar har i enkelte situasjonar ikkje berre ein rett, men og ei plikt til å gripe inn i truande situasjonar overfor elevar.

§ 5-11. Framgangsmåte ved vedtak om tiltak og sanksjoner

Eleven har alltid rett til å uttale seg til den som fattar ei avgjerd før det blir bestemt sanksjonar eller fattast vedtak som nemnt under §§ 5-7 og 5-8.

Ved alvorlege regelbrot der det er aktuelt å bestemme sanksjonar som nemnt i § 5-7 bokstav i, j, k og l, skal vedtak fattast etter [forvaltningslova § 2](#) (enkeltvedtak). Eleven sine føresette skal ha rett til å uttale seg før vedtak blir fatta.

Vedtaket kan påklagast av føresette etter [forvaltningslova § 28](#). Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunktet dei føresette har motteke enkeltvedtaket, jf. [forvaltningslova § 29](#). Ei eventuell klage kan rettast til skulen som har fatta enkeltvedtaket. Dersom skulen

finn å ikkje kunne gjere om vedtaket, eller gje klagaren medhald, vil klaga bli sendt Statsforvaltaren Innlandet.

Ved avgjerder som ikkje er enkeltvedtak, skal følgjande reglar for sakshandsaming uansett gjelde:

- Det er viktig å oppretthalde eit godt samarbeid mellom skulen og heimen. Sjølv om ein sanksjon ikkje reknast som et enkeltvedtak, bør skulen informere føresette om hendinga og reaksjonen som har vorte brukt.
- Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg. Avgjerder skal treffe på eit grunnlag som er forsvarleg etter saken sin art og karakter.

Uansett er det viktig at skulen på en eller annan måte skriftleg gjer greie for dei sanksjonar eller tiltak dei iverksett ettersom skulen har plikt til å dokumentere kva den gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, jf. [opplæringslova § 12-4](#).

Det er berre den eleven eller dei elevane som har gjort seg skuldig i brot på reglement som kan få konsekvens. Kollektiv avstraffing er ikkje tillate.

§ 5-12. Skuledemokrati

Jf. [opplæringslova § 10-4](#) skal skulen sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen, mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

Skulen skal leggje til rette for at alle elevane skal kunne ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet. Skulen skal også hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet

§ 5-13. Organisering av skuledemokrati

Elevråd

Skulen skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skulen. Det blir valt nytt elevråd ved starten av kvart skuleår.

Foreldreutval

Skulen skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skulen.

Foredrerepresentantane blir valt i det fyrste foreldremøtet for kvar klasse i starten av kvart skuleår.

Samarbeids- og skulemiljøutval

Elevane og foreldra skal vera representert i organ ved skulen. Ved Vestre Slidre skule har vi eit samarbeids- og skulemiljøutval. Her er tre foreldre, tre elevar, tre tilsette ved skulen, ein politisk representant og rektor medlemmar.

Kapittel 6. Til opplæringslova § 15-2 - Hovudmål ved grunnskulen i Vestre Slidre kommune

§ 6-1. Formål og verkeområde

Forskrifta angir kva for eit skriftspråk som er hovudmål på den offentlege grunnskulen i Vestre Slidre kommune. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med foreldre/føresette.

§ 6-2. Hovudmål ved grunnskulen i Vestre Slidre kommune

Den offentlege grunnskulen i Vestre Slidre kommune bruker nynorsk som hovudmål.

Kapittel 7. Slutt føresegn

§ 7-1. Ikrafttredelse

Forskrifta trer i kraft 1. august 2025.

Frå same dato opphevast forskrift 10. juli 2024 nr. 1796 om skule og feriedagar, permisjon frå skulen, skulefritidsordning (SFO), skulereglar og hovudmål ved grunnskulen i Vestre Slidre kommune, etter opplæringslova §§ 14-1 (2), 2-2 (4), § 4-5 (5), 10-7, 15-2, Vestre Slidre kommune, Innlandet.

